



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»


«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad om løyve til anleggsarbeid etter forureiningslova-oppgradering av Lærdalstunnelen- Statens vegvesen

Statens vegvesen søker om mellombels løyve etter forureiningslova sin §11 til utslepp av drivevatn frå tunnel i samband med oppgradering av Lærdalstunnelen. Det er berekna at drivevatnet medfører utslepp av 2,4-3,4 tonn nitrogen i løpet av driveperioden. Dette utsleppet er inkludert i søknaden. Utsleppa vil vere til resipientane Aurlandselvi i Aurland kommune og Kjerringgjel, ei sideelv til Lærdalselvi, i Lærdal kommune. Anleggsarbeida er forventa å starte opp i mai 2026, og ein reknar med at sprengingsarbeida vil ta ca. 2 år.



Figur 1 Planområdet E16 Lærdalstunnelen inkl. utsleppspunkt for reinsa drivevatn frå anleggsfasen.

Det er utført analyse av resipientanes sårbarheit etter metoden i Statens vegvesen sin rapport nr. 597 «Vannforekomsternes sårbarhet for avrenningsvann fra veg under anlegg- og driftsfasen» for å få eit inntrykk av vassdraga si sårbarheit for ureining. Det er i tillegg gjennomført ein miljørisikoanalyse for dei same vassdraga. Desse analysane og resultat frå ulike undersøkingar av partikkelforureining på fisk, har førd til at Statens vegvesen foreslår grenseverdier ut frå reinseanlegga som gjer at dei to



vassdraga ikkje vil bli permanent negativt påverka av utsleppa frå driving av Lærdalstunnelen, og at dei økologiske og kjemiske miljømåla kan bli nådd.

Ber om eventuelle uttaler innan 24. mars 2025

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 24. mars 2025. Uttaler kan sendes til fmvlp@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2024/18470.

Søknadsdokumenta og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Søknad om løyve etter forureiningslova

Kopi til:

Statens vegvesen Postboks 1010 Nordre Ål 2605 LILLEHAMMER

Mottakerliste:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lærdal Elveigarlag			